

Notat

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 17.10.2010
Frå: **Administrerande direktør Herlof Nilssen**
Sakshandsamar: **Hilde Christiansen**
Saka gjeld: **Prosess for val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette til styret i Helse Vest RHF**

Styresak 113/10 O
Administrerande direktør si orientering pkt 3

Styremøte 03.11. 2010

Bakgrunn

Forskrifta for val av dei tilsette sine representantar til styret vart sett i verk i 2003. Førre val vart gjennomført i mars 2009. Sak om val av styremedlemmer vald av og blant dei tilsette vart sist handsama i styremøte 5. november 2008. og styret blei orienterte at det var gjennomført val av nye styremedlemmer valt av og blant dei tilsette, med verknad frå 1. mars 2009 i styremøte 4. mars 2009.

Valstyret frå 5. november 2008 har ikkje hatt oppgåver utover gjennomføring av sjølve valet i 2009. Styremedlem vald av og blant dei tilsette har bedt om eit notat for å få oversikt over prosessane som må til for å gjennomføra valet i 2011.

Kommentarar

Forskrifta for val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette i styra vart sett i verk i 2003. Styret utnemner representantar til valstyret som får i oppgåve å gjennomføre valet i samsvar med " Forskrift til helseføretakslovens bestemmelser om dei tilsette sin rett til representasjon i regionale helseføretak og helseføretaka sine styre".

Val av tilsettrepresentantar til Styret i Helse Vest RHF skal vere gjennomført innan utgangen av mars 2011..

Helse Vest RHF har ei etablert ordning med konserntillitsvalde med representantar frå LO, Unio, YS, SAN og Akademikarane. Det har vore ei naturleg ordning at dei konserntillitsvalde og eit styremedlem valt av og blant dei tilsette har vore ein del av valstyret.

Valstyret skal bestå av minst tre personar med stemmerett, av dei ein leiar og ein nestleiar. Valet skal skje skriftleg som fleirtalsval med mindre 1/5 av dei som har røysterett, eller fagforeining som omfattar minst 1/5 av dei med røysterett, seinast seks veker før valdagen skriftlig krev at det skal skje som forholdstalsval.

For skiping av valstype gjeld § 8 i forskrifta slik:

Valet vert leia av eit valstype. Valstyret skal bestå av minst tre personar med stemmerett, med ein leiar og ein nestleiar. Dei tilsette og føretaket si leiing skal ha minst ein representant kvar i valstyret.

Når styrerrepresentasjon for dei tilsette er etablert, herunder ved ein midlertidig avtalebasert ordning, skal valstyret oppnevnaast av føretaket sitt styre. Dersom slik representasjon ikkje er etablert, skal valstyret oppnevnaast av føretaket sin daglege leiari, eller den vedkommande gir fullmakt, saman med dei tillitsvalde.

Dersom valstyret må oppnevnaast gjennom avstemming, er det berre dei tilsette sine representantar som har røysterett. Føretaket si leiing skal dog ha anledning til å oppnevne ein representant i valstyret.

Medlemmer av valstyret som ikkje kan eller ønskjer å fungere lenger, skal erstattast snarast.

På same tid skal det veljast styremedlemmer i alle HF. Det er føremålstenleg at det valstyret som vert oppretta for Helse Vest RHF samarbeidar med helseføretaka sine valstype for å samordne valprosessane slik at ein unngår å gjere arbeidet fleire stader. Det er føreslått overfor helseføretaka at vi samordnar valet slik at det kan gjennomførast på ein hensiktsmessig måte.

Styret utnemner representantar til valstyret som får i oppgåve å gjennomføre valet i samsvar med *"Forskrift til helseføretakslovens bestemmelser om dei tilsette sin rett til representasjon i regionale helseføretak og helseføretaka sine styre"*.

Administrasjonen vil i møte orientere om fristar og aktivitetar som skal gjennomførast. Arbeidsgjevar/føretaket si leiing har vore representert ved personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen. Administrerande direktør vil foreslå at dette blir vidareført.

Valstyret blei oppnemnt av styret i Helse Vest RHF i møte 5. november 2008 med følgjande samansetting:

1. Leiari: Aslaug Husa, Styremedlem Helse Vest RHF, vald av og blant dei tilsette
2. Nestleiar: Reidun Mattingdal
3. Medlem: Hilde Christiansen, personal- og organisasjonsdirektør Helse Vest RHF

Administrasjonen vil ha ein dialog med dei konserntillitsvalde før styremøtet for å finne fram til eit samlande forslag til valstype for val per mars 2011. Forslag til samansetting av valstype for neste periode vil bli lagt fram i styremøtet.

Val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette til styret i Helse Vest RHF og helseføretaka sine styre skal gjennomførast på ein best mogleg samordna og samla måte for å utnytte ressursane og avgrense kostnadane så langt dette er mogeleg. Det vil bli tatt initiativ overfor føretaka for å få til ein samordna prosess slik ein har hatt ved tidlegare val.

Valet skal vere gjennomført innan utløpet av mars 2011.